

## Referat - Årsmøte i Syltøy Grendalag, 2016

Referent: Svein Syltøy

Sakliste:

- Godkjenning av innkalling: Innkallinga blei godkjent utan kommentarar
- Val av møteleiar og referent: Møteleiar Kåre Lillebø, Referent Svein Syltøy
- Val av representantar. til å godkjenne referatet: Eldbjorg Syltøy og Marit Storesund
- Gjennomgang av årsmeldinga: Få kommentarar utover det at høstturen vart avlyst på grunn av lav interesse. Eldreturen vart heller ikkje gjennomført.
- Regnskap for 2015: Kasserar gjekk gjennom resultatet. Eit overskot på ca. 19,000 til tross for enkelte store investeringar ( Kjøkken utstyr, stillas mm. ). Eit betydeleg tilskot frå Marine Harvest dekkja mykje av investeringana.
- Forslag til budsjett for 2016: Forslaget til budsjett for 2016 vart vedteke som det vart presentert, med fokus på alternativet som gjenspeglar overtakelse av gymsalen. Når endelig kjøpsavtale med kommunen foreligg vil det verta innkalla til nytt medlemsmøte. Ein vil då vita meir om kva forpliktelsar og utgifter som kan/vil verta gjeldande.
- Medlemskontigent 2016: Årsmøte vedtok å helda kontigenten på same nivå som i fjor.
- Innkomne saker/endringar i vedtekter:
  - Endring I vedtektene:
    - Årsmøtet vedtok å endre vedtektene frå å ha 2 varamedlemmer til at styret skal ha “minst 2 “ varamedlemmer.
  - Vidare bruk/evt. kjøp av skuletomten:
    - Det politiske vedtaket om salg av tomten på det opne markedet er ikkje endra offisielt.
    - Det er teikn som tyder på at eigedomsjefen likevel har fullmakt til å selja direkte til ideelle organisasjonar ( ein svært aktuell kandidat er Bergen og Omegn Friluftsråd, BOF )
    - Mange medlemmar meinte at Grendalaget må ha prioritet og fremja interesse for overtakelse sjølve. Dette vil truleg krevja ein betydeleg investering og i verste fall medføra opptak av lån. Andre meinte at det å jobba mot ei avtale med BOF om utvida rett til å benytta skuleplass/leikeplass må vera beste alternativet. Aller er samde i at overordna målsetjing er å sikra skule- og leikeplassen for grendalaget og bygda generelt.
    - Vedtak: Styret må fremskaffa fakta i saka,. Kan det politiske vedtaket omgåast av eigedomsjefen med direktesalg? Er det reelt at kommunen

planlegg a selja til BOF? Basert pa fakta må styret vurdera fylgjande alternativ:

- 1) Melda interesse til kommunen og vurdera kva som må til av midlar og forpliktelsar om grendalaget går for kjøp av tomten sjølve.
- 2) Dersom alternativ 1 ikkje let seg gjennomføra jobba for avtale med BOF.
- 3) Vurdera andre formar for å sikra grendalaget sine interesser slik som delkjøp, avtale etc. med andre eigarar/private interessentar etc.

- Valg av nytt styre:

- Valnemda sitt forslag vart godkjent utan endringar.
- Styremedlemmer, vara representantar, valkomite og revisor vart vedteke som fylgjer:

Beate Johansen: Styremedlem ( gjenvalg )  
Kåre Lillebø: Styremedlem (gjenvalg )

Heidi Syltøy: Varamedlem (gjenvalg )  
Jan Bratland: Varamedlem (gjenvalg )  
Ida Syltøy: Varamedlem (ny )

Valkomite: Jakob Magnar Jakobsen (gjenvalg )  
Valkomite: Svein Syltøy (gjenvalg )

Revisor: Jostein Jakobsen (gjenvalg )

Generelt: Medlemmane takka styret for god innsats i 2015

Godkjent: Eldbjørg Syltøy    Sign: Eldbjørg Syltøy

Godkjent: Marit Storesund    Sign: Marit Storesund